HORDALAND
FYLKESKOMMUNE Kultur- og idrettsavdelinga

Stord Hestesportssenter
c/o Stord ride- og køyreklubb
Postboks 700
5404 STORD

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.: Bergen, 24. juni 2013
200900923-18/626/BJOLARS 2011/3459 - 686/2013 / 243

# Stord kommune, tilsagn om fylkeskommunalt investeringstilskot 2013- Stord Hestesportsenter (anleggsnr 1221 0112 04)

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok i møte 20. juni 2013, å løyva kr 800 000,- til Stord Hestesportsenter, Stord kommune.

Midlane vert med det første overførte til Stord kommune til bankkonto 6519 05 13070.

**Føresetnader for tilskotet**

- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert oppfylde
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkrevd for sin kontroll
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida http://www.hordaland.no/logo
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakar aksepterar og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottek meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

**Klagerett**
Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova §27 tredje ledd og §28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endelig avgjerd.

Besøksadresse: Agnes Mowinckels gate 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55239185 - Telefaks 55239194
Direkte telefon: E-postadresse: kultur@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Klageskjema finn ein på sida: http://www.signform.no/dss

Venleg helsing

Anna Elisa Tryti
Fylkeskultursjef

Britt Karen Spjeld

Kopi: Stord kommune, Utviklingsgruppa, Postboks 304, 5402 Stord
Fylkeskasserar